



Det var ein stolt styreleiar i Høgskulen for landbruk og utvikling, Hadle Nevøy (t.h.), som onsdag kunne utnemna rektor Dag Jorund Lønning til landets første professor i nyskaping og bygdeutvikling. «Det skapande mennesket» er hovudtema i Lønning si forskning. FOTO: MAGNE KYDLAND

# Professor Lønning

**Dag Jorund Lønning (46) frå Stord er utnemnd til landets første professor i nyskaping og bygdeutvikling.**

MAGNE KYDLAND  
magne@sunnhordland.no

Det var på eit styremøte i Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling (HLB) på Bryne onsdag at Dag Jorund Lønning, som er rektor ved høgskulen, vart utnemnd til professor.

Dette får han etter å ha skrive ti fagbøker og meir enn 30 forskingsartiklar og rapportar. I tillegg har 46-åringen leia mange store forskingssatsingar både nasjonalt og internasjonalt, og han har vore ekspert for EU-kommisjonen. Høgskulen ligg i Klepp kommune på Jæren.

## Lang omveg

Utnemninga vart feira med flott middag på Jæren Hotell onsdag, der både familie, kollegaer, toppolitikarar, dei fleste ordforarane i Sør-Rogaland, Fylkesmannen i Rogaland og toppbyråkratar var til stades.

Og det var ein stolt styreleiar i HLB, landbruksdirektør Hadle Nevøy, som kunne presentera den ferske professoren.

– Han vart utnemnd til professor i styremøtet, etter å samrøystes ha blitt tilrådd av professorkommisjonen. Me er stolte og glade for at vår rektor no er blitt utnemnd til professor. Hans kompetanse blir ikkje berre brukt til å vidareutvikla høgskulen, og også til vidareutvikling av heile Rogaland og særleg Nord-Jæren, der det er mykje landbruksareal under press på grunn av sterk vekst i bustad- og næringsutbygging. Me treng folk som Dag Jorund Lønning, som kan tenkja nytt og utradisjonelt, rosa styreleiaren.

”

Stord er definitivt ei bygd

Dag Jorund Lønning

Det var ein minst like stolt Lønning som kunne fortelja pressa om sitt arbeid, som først og fremst botnar i eit enormt engasjement, og ikkje med eit mål om å bli professor.

– Akademia handlar ofte om å publisera dei rette tinga i dei rette kanalane. Det har ikkje vore viktig for

meg. I mitt felt er det viktig å formidla ting på ein måte som folk forstår. «Omvegar fører lengst», er tittelen på ei av mine favorittbøker. Slik sett har eg gått ein lang omveg til å bli professor, seier Lønning, som innrømmer at dette er sin stor dag.

## – Stord er ei bygd

Bygdeutvikling, eller «rural development» er eit stort fagfelt internasjonalt, men ikkje i Noreg. Definisjonen på ei bygd er nokså uklar, men i andre land er byar som Bergen og Stavanger definerte som bygd.

Og Lønning er iallfall ikkje i tvil om kva heimstaden hans er:

– Stord er definitivt ei bygd, slår den ferske professoren fast.

Han er oppteken av at ein jobbar i lag for å få ting til å skje. Bygdeutvikling handlar om mobilisering, der alle har ei viktig rolle.

– Ein må gje rom for det skapande mennesket, og løfta det fram. Mange bygdar er rik på historie, men har ikkje vore like flinke til å tenkja framover. «Me kan ikkje stoppa utviklinga», er omkvedet. Men då skriv ein seg sjølv ut av utviklinga, forklarar Lønning, som har mange konkrete og gode døme på det motsette.

Små bygder med 17 kilo-

meter til næraste bensinstasjon, som plutsleg blømer og folketalet vert dobla.

Eller Jæren kontra tettstaden rundt Bergen.

– Arna og Os forvitrar. Det er lite handel der. Det skjer ikkje på Jæren. Det er

ei sterkare samkjensle her, forklarar Dag Jorund Lønning.

Sunnhordland kjem tilbake med meir om Dag Jorund Lønning i ein fredagsprat om nokre veker.